

Årsmelding for 2024 – styret sitt framlegg til årsmøtet

Årsmøte vart halde 18. juni 2025 på Rådhuset i Rosendal.

Styret denne perioden har vore:

Richard Erlandsen (leiar), Halsnøy II
Anna Prestnes (nestleiar), Kvinnherad Handballklubb
Gunnar Våge (kasserar), Rosendal TI
Håkon Askeland, Ternen II
Ann Kristin Næss, Strand-Ulv II
Ole Femsteinvik, Strand-Ulv II
Sigve Solheim, Trio II

Vararepresentantar

Einar Oppedal
Emil Solli Stafsnes

Kontrollutval

Willy Kalsås
Knut J. Helvik
Sigmund Askeland (vara)

Styret har hatt 4 møter i perioden. Drifta vert finansiert med kontingent frå medlemslaga.

Samarbeid med idrettslaga

Heimeside for idrettsrådet, eige Facebook-side og e-post gjennom SportAdmin vert nytta til å formidla informasjon til medlemane.

Idrettsrådet administrerer framleis ordninga med medaljar til Kvinnheradsmeisterskap i idrett. Det var ingen førespurnader for medaljar i 2024.

Lokalidretten og kommunen

I perioden har idrettsrådet invitert Perlokajakklubb ved leiar på KIR sitt styremøte for å presentere idrettslagets aktivitetar og planar. På denne måten kjem rådet i direkte dialog med styra i dei forskjellige klubbane, samt styrkar dialogen og samspel mellom idrettslag og kommune.

Styret har ein intensjon om å møte og besøkje lokallaga også i framtida.

Idrettsrådet ved leiar har, som i tidlegare år, gjennomført regelmessige møter med idrettskonsulent i kommunen og behandla framlegg til plan for tildeling av spelemidlar og kommunale

investeringsmidlar til prosjekt i Kvinnherad. Leiar i KIR har også hatt regelmessig dialog med dagleg leiar i Kvinnherad Arena som har orientert om aktiviteten i hallen.

Organisasjonsledd i NIF

Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

Idrettsrådet fordelte mellom medlemene i 2024 ordinære LA-midlar på kr 1 188 000. I tillegg til dette var Kvinnherad tildelt to puljar av ekstraordinære midlar, til saman kr 357 284. Dette er spelemidlar øyremerkte aktivitetar for barn og ungdom i alderen 6-19 år. Midlane vart fordelt etter kriterium fastsett av årsmøtet. Alle idrettslag med namngitt ressurskontakt fekk eit beløp i samsvar med fastsett skala. Dei resterande midlane vart fordelt med vektal 2 for ungdom (13-19 år) og vektal 1 for barn (6-12 år). Grunnlag for utrekninga var aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei låg føre i KlubbAdmin.

Samfunnsoppdrag

Idrettsrådet oppmodar medlemslaga til å peike ut ressurskontaktar. Dette er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningsbakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten er kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom.

KIR, med støtte frå Vestland idrettskrets, har organisert barnetrenarkurs for lokalidrett. Kurset var gjennomført i januar 2024.

Styret i Kvinnherad idrettsråd, 18. juni 2025

Richard Erlandsen
styreleiar

Anna Prestnes
nestleiar

Gunnar Våge

Håkon Askeland

Ann Kristin Næss

Ole Femsteinvik

Sigve Solheim